

The High Kings

15. juni 2012 · Haavebua



FOTO: Jansen Records

2012

15. JUNI

HAAVEBUA

Frå arkivet

Himmel & Hav-festivalen byr på irsk festmusikk.

KLARE FOR NORGE: The High Kings kjem til Norge for første gong, og spelar fredag 15. juni på Haavebua. Foto: Privat

The High Kings byrjar å bli svært store og turnerer heile verda. For nokre månader sidan blei dei inviterte til det kvite hus og spelte for president Obama på sjølvaste St. Patrick's Day, seier Per Vidar Ottesen, som har vore fan av bandet lenge. Dei er nok arvtakarane til The Dubliners og det neste store verdsbandet frå Irland - i alle fall når det gjeld folkrock, seier han. Ottesen trur rockeklubben gjer rett i å gjeninnføre den irske profilen, slik dei no har gjort fredagskvelden. Då blir det folkemusikk for alle penga, med The Young Folk som førsteband, før The High Kings avsluttar ballet. Det blir garantert stor stemning for dei som er glade i denne musikkformen - og det er tydelegvis mange. Det er etter påtrykk frå mykje florøfolk at vi no har spissa den irske profilen att, legg han til.

Men musikkhelga på Haavebua har også meir på plakaten om du ikkje er hekta på irsk musikk. Det fremadstormande norske bandet Death By Unga Bunga er headliner laurdagskvelden.

Bandet har fått mykje merksemd for den garasje/60-talsinspirerte poprocken sin, og er ute med si andre plate som har hausta gode kritikkar. Inspirert av band som The Cramps, The Sonics og andre gamle helteband, gir dei full gass og vil garantert rocke Haavebua laurdagskvelden. Death By Unga Bunga kan dusjekke ut via denne linken.



HigKings-01



HEILE ARKIVET
Skann QR-koden for Rockeklubben sitt permanente nettarkiv.
rockeklubben.no/arkivet

Kjelde: Florø Rockeklubb sitt originale nettarkiv. Kjelde-ID: 29.